

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet  
Postboks 93  
4791 LILLESAND

Vår ref.: 21/247-2/GG

Deres ref.:

Dato: 16.04.2021

## Høring for forslag til endring av fribruksforskrifta

Medietilsynet viser til Nasjonal kommunikasjonsmyndigheits (Nkom) brev av 8. mars 2021 om høring av forslag til endringar i fribruksforskrifta<sup>1</sup> med høyringsfrist 20. april 2021.

Medietilsynet er statens forvaltningsorgan på medieområdet. Det følger av samfunnsoppdraget for Medietilsynet at tilsynet skal medverke til å oppfylle dei overordna mediepolitiske måla om yringsfridom og demokrati gjennom ein open og opplyst offentlig samtale, jf. Grunnlova § 100. Medietilsynet medverkar til å fremme dei mediepolitiske måla ved å legge til rette for mediemangfald og kritisk medieforståing i befolkninga. Ei av oppgåvene til Medietilsynet er å gi konsesjon for kringkasting og lokalkringkasting.

Vi har merknader til forslaget i høringa om ny allokering som gjennom forskrifta gir eit generelt frekvensløyve for bruk av lågeffekts-FM-sendarar til stasjonært trådløst lydutstyr til bruk for sending av mellombels arrangement i avgrensa område.

### Kringkastingsregelverket - gjeldande rett og praksis

Forslaget om generelt frekvensløyve gjeld frekvensbruk til trådløst lydutstyr for å dekke mellombels arrangement, for eksempel drive-in-kino eller gudstenester. Slik Medietilsynet ser det, gjeld endringa bruk til kringkasting av lyd som i dag krev korttidskonsesjon etter kringkastingsregelverket.

Kringkastingsforskrifta<sup>2</sup> § 7-2 tredje ledd gjeld korttidskonsesjonar og har denne ordlyden: «Det kan i særlige tilfeller gis korttidskonsesjoner for lokalradiosendinger til dekning av lokale arrangementer i avgrensede områder. Korttidskonsesjonens lengde fastsettes i forhold til arrangementets lengde».

Det ein kallar korttidskonsesjon, er i realiteten konsesjon både til kringkasting (innhaldskonsesjon) og til igangsetting og drift av sendaranlegg (sendaranleggskonsesjon). I kringkastingslova<sup>3</sup> § 2-2 heiter det at sendaranleggskonsesjon blir gitt i samband med tildeling av frekvenskapasitet etter ekomlova<sup>4</sup>.

I Ot.prp. nr. 107 (2001-2002) pkt. 2.4.3 er dette behandla nærmare. Her heiter det at aktørane skal oppleve anleggskonsesjon og frekvensløyve som éi konsesjonsordning med heimel i to lover. Dei to konsesjonane skal bli gitt samla og vere eit integrert heile.

<sup>1</sup> Forskrift 19. mai 2012 nr. 77 om generelle tillatelser til bruk av frekvenser

<sup>2</sup> Forskrift 28. februar 1997 nr. 153 om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester

<sup>3</sup> Lov 4. desember 1992 nr. 127 om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester

<sup>4</sup> Lov 4. juli 2003 nr. 83 om elektronisk kommunikasjon

Kringkastingslova § 2-2 bygger på dette prinsippet, og anleggskonsesjon og frekvensløyve skal derfor tildelast éin og same aktør. Medietilsynet gir anleggskonsesjonen mens Nkom gir frekvensløyve.

Det har til no vore slik at Medietilsynet og Nkom tek imot og behandlar søknader om korttidskonsesjonar. I somme tilfelle sender søkar søknad til berre eitt av organa, som så sender kopi av søknad til det andre. Elles blir søkaren bedt om å sende søknaden til begge organa. Saksbehandlarane i dei to organa koordinerer søknadsbehandlinga slik at tildeling eller avslag blir samordna. Medietilsynet gjer enkeltvedtak om innhalds- og anleggskonsesjon, og Nkom gjer vedtak om frekvensløyve. Kor lenge løyva gjeld, samsvarer med lengda på arrangementet.

### **Medietilsynets merknader**

Forslaget inneber ei endring ved at det ikkje lenger skal sendast søknad til Nkom før slike lokale arrangement og at Nkom heller ikkje gjer enkeltvedtak om bruk av frekvensar. Når Nkom etter forslaget ikkje lenger tildeler frekvensløyve gjennom enkeltvedtak, men ved eit generelt løyve i forskrifta, føreset Medietilsynet at den nye føresegna i forskrifta i denne samanhengen kan sidestillast med eit vedtak om tildeling av frekvenskapasitet. Slik må det vere for at premissen i kringkastingslova om samordna tildeling skal vere ivaretatt.

Vi ønsker i tillegg å trekke fram at Medietilsynet etter den nye ordninga kjem til å ta imot søknader om korttidskonsesjon utan å ha kunnskap om det planlagde arrangementet vil innebere frekvensbruk som fell inn under fribruksforskrifta, eller om det dreier seg om effektbruk som krev eigen søknad til Nkom og tildeling av frekvenskapasitet gjennom enkeltvedtak. Medietilsynet har ikkje kompetanse til å rettleie søkarane i dette spørsmålet. Vi må gå ut ifrå at Medietilsynet likevel kan gi generell informasjon i konsesjonsvedtaket om at frekvenskapasitet blir tildelt enten gjennom fribruksforskrifta eller ved enkeltvedtak. For eksempel kan Medietilsynet i vedtaket lenke til informasjon på Nkoms nettside der Nkom gir informasjon om premissane for fribruk. Vi oppmodar til tett dialog mellom dei to organa når endringa skal gjennomførast slik at vi finn praktiske løysningar og gode rutinar for slike spørsmål.

Vi kan til slutt nemne at Medietilsynet alltid først vurderer om eit prosjekt det er søkt om korttidskonsesjon for, fell inn under definisjonen av kringkasting og dermed krev konsesjon etter kringkastingslova. Dersom det ikkje er tilfellet, vil ikkje problemstillingane over vere aktuelle. Dette gjeld likevel berre nokre få av søknadene om korttidskonsesjon.

Med helsing

Mari Velsand  
direktør

Hanne Nistad Sekkelsten  
direktør juridisk og regulatorisk avdeling

[Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger derfor ikke underskrift](#)